

21-03-006

vdataf

EIN STOISK HYMNE

Eitt av dei merkelegaste vitnemål vi har om antikk tru, er den hymnen til Zeus som stoikaren Kleanthes dikta i det 3. hundreåret f. Kr. Det vesle diktet er bori av ekte religiøs kjensle og poetisk fantasi, og det gjev samstundes uttrykk for eit filosofisk tankesystem; ein filosof forkynner her i poetisk form sanningar som han før mang ein gong hadde greitt ut frå kateteret. Skal vi fullt ut skjønna dette forvitnelege diktet, er det ymse føresetnader vi må ha tak i.

Da Filipp av Makedonia hadde slått dei hellenske herane ved Chaironeia i 338 f. Kr. og Aleksander den Store i åra deretter hadde lagt Orienten under seg, var det ute med den sermerkte gamal-hellenske kulturen, ein ny tidbolk byrjar — «hellenismen». Den frie bystaten, *pólis*, som hadde vori grunnlag for samfunnsliv og kultur i det gamle Hellas, må vika plassen for «flatestaten» med sine dåmlause storbyar; kosmopolitisme og individualisme avløyser det trygge, rotfeste *polis*-tilværet. Ringmuren kringom byen og templa oppe på borghaugen hadde i klassisk tid gitt hellenaren heimekjensle og tryggleik; no kjende han seg einsam, rotlaus og heimlaus. Mennesket må leita seg eit nytt fotfeste; mange freista å finna det i filosofien.

Den filosofien som no vart haldepunkt og trøyst for tallause menneske, var mykje ulik dei gamle naturfilosofiske spekulasjonane og Platons høgfløygde idélære. No galdt det ikkje i fyrste rekke om å løysa fysiske og metafysiske problem, no spurdest det etter livsvisdom, etikk. Stoa og Epikur møttest i dette, det gjeld å gje det einskilde mennesket hjelp til å greia det vanskelege livet, leva eit lykkeleg personleg liv. Serleg sterk framgang fekk den stoiske skulen, som var grunnlagd i Athen omlag år 300 f. Kr. av Zenon, som var frå Kypærn. Dei stoikarane vi kjenner best, Seneca,

Epiktét og Marcus Aurelius, levde sakte mykje seinare, i den romerske keisartida (skrifter av alle desse tre er umsette på serien «Klassiske Bokverk»); men nokor sterk utvikling er det ikkje tale om innan den stoiske skulen, mange karakteristiske grunndrag er der frå fyrste stund, såleis ei panteistisk gudstru, som vel kunne sam-einast med den nedervde folkereigionen, og ein streng og støl moralisme.

Kleanthes, som styrde den stoiske skulen etter Zenon, var truleg fødd omlag 330 f. Kr. og vart nærepå 100 år gamal; liksom meisteren sin tok han seg sjølv av dage, — sjølv mordet var tillati etter den stoiske læra. Han byrja seint å studera, og i den lange studietida si under Zenons lærestol skal han ha livberga seg ved hagearbeid; eit gløgt hovud var han ikkje, Zenon samanlikna ein gong eleven sin med ei tavle som det er vanskeleg å skriva på, men der orda sit fast når dei fyrst er rita inn. Ein slik mann er betre laga til å halda fast på det han har lært, enn til å bera fram nye og originale tankar.

Men poetisk givnad og religiøs eldhug hadde han; det vitnar Zeushymnen om. Her kjem ei omsetjing; vi har haldi på versmålet i originalen (heksametret). Teksten er uviss sume stader; etter vers 13 har det truleg falli ut nokre liner.

Du med dei tallause namn, å Zeus, Allmechtige, Høge!
Du som er opphav til alt, og som styrer altet med di lov,
deg vil eg helsa! Å prisa deg er ei plikt for mannen:
vi ættar ned ifrå deg, og munn og mæle har vi fått —
vi åleine av alt som kryp og lever på jorda.

Di vil eg prisa deg, Zeus, og alltid lovsyngja di makt.
Allheimsrømda som evigt sviv og krinsar om jorda,
fylgjer deg kvar du fører, og viljugt lyder ho ditt bod.
For du har reide støtt i dine uvinnande hender
våpnet med eggene to, det logande, levande lynet;
med det fører du alt til fullnads som skjer i naturen,
med det skipar du og den lov som går gjennom allting,
den som verkar i skinande sol og svivande stjerner . . .

Høgaste konge, du som mektig rår over Altet!
Ikkje ein ting kan skje utan deg her nede på jorda,
inkje kan skje i himmelen høg, og inkje på havet —
anna dei verk som dei vonde gjer i sin eigen dårskap.
Men du veit råd til å bøta kvar brest, og retta det range,
gjera det ljote til vent, og motstand venda til venskap.
Alt har du måta ihop, du einar det gode og vonde,
slik at den eine evige lov skal rå gjennom allting.
Den vil dei vonde menneske fly og draga seg unnan,

usæle dårar dei er, som karar støtt til seg sjølve,
ikkje dei høyrer og hår den lov Gud sette for alle, —
ville dei lyda den, da levde dei vitugt og sælt med.
Men no jagar dei villt, utan vit, og kvar trår i si lei:
sume strevar og strir for å vinna seg heider og ære,
nokre trår etter gods og gull, så sømda dei gløymer,
andre vil berre leva i mak og sanseleg nyting.
Rekande hit og dit vil dei freista vinna seg fagnad,
men med sitt strev og sin strid er det sorg og suter dei haustar.

Men du, allgjevar Zeus, som spreier skodda med lynet,
fria du mennesket ut or den dørke villfarings-natta!
Far, driv dårskapen bort frå vår sjel, og gjev oss å fata
visdomen din, den visdom og rett du styrer vår verd med!
Heidra oss slik! — så skal vi evigt visa deg heider,
prisande støtt dine verk, som det sømer seg mannen å gjera.
For det er høgaste heider som finst for gudar og menner:
prisa med verdig ros den altomfatande lova.

Ei omsetjing kan ikkje gje eit fullnøgjande inntrykk av eit dikt som har så mange botnar. Kleanthes' hymne inneheld meir av filosofisk tenking enn det som kjem fram i denne omsetjinga; den poetiske kraft som originalen eig, gjev linene ovanfor snautt nokor førestelling om, og svært vanskeleg er det å få fram den gamle, høgtidsame hymnestilen, — skulle ein freista på det, måtte ein låna ordlag og språktone frå våre eigne gamle salmar. Den oppleving diktet var for menneske i samtida, står ikkje utan vidare open for oss som lever 2000 år etterpå; vi får i staden freista å forstå, med di vi analyserer tankegang og stil så langt det let seg gjera.

Det er eit filosofisk dikt vi har føre oss, vi skimtar heile vegen grunnlinene i det stoiske tankesystemet. Stoisk er førestellinga om Gud: Zeus er ikkje for Kleanthes ein mytologisk figur, som hos Homer, han er filosofiens gud, den Allmechtige og Allvitande, og fyrst og fremst er han sjølve livsprinsippet, opphav og lov for alt; og det lynet som Zeus har hos dei gamle diktarane, er her omtolka til den guddomelege himmeleden, den som etter stoisk lære gjev liv og vokster til allnaturen. Stoisk er òg synet på mennesket: «Vi ættar ned ifrå deg,» seier dikteren til Zeus, og vi minnest at Paulus i sin tale på Areopagos i Athen (Apostelgjern. kap. 17, 28) viser til ein stoisk diktar som har tolka nett denne tanken. Stoisk lære er det at mennesket har sin frie vilje så det «i sin dårskap» kan reisa seg mot Gud; rett nok evnar Gud å nytta jamvel vondskapen til å fremja sin heimsplan. Ikkje mindre klårt stig det stoiske fram der det er tale om moralen: Når Kleanthes talar om

at mennesket trår etter ære, pengar og sansenytning, nemner han just dei tre hovudsyndene etter stoisk lære; orda om dei som vil «leva i mak og sanseleg nytning», er vel beint fram eit hogg etter epikurearane, — Kleanthes har mange ærend med diktet sitt. Som polemikk kling det òg når Kleanthes understrekar at allheimsrømda sviv kring jorda, han vil ikkje vita av det heliocentriske systemet.

Men på same tid som diktet såleis er bygt opp på filosofisk resonnement, er det ein verkeleg hymne med mange vyrdelege, tradisjonelle element med røter langt attende i hellensk tru og diktning. Straks fyrste lina er forvitneleg i så måte: når trollmannen i utgamal tid skulle tvinga guden til å gjera seg til viljes, nemnde han alle dei «mange namn» som guden førde, eller han kunne i staden berre summarisk påkalla «han med dei mange namn»; gamal tradisjon er det òg når guden på slutten av hymnen blir påkalla med bøn og lovnad om vederlag: heidra oss så skal vi heidra deg! Forvitneleg er eit samsvar med Johannes-evangeliet (kap. 1, 3): «All ting vart til ved honom, og utan han vart ikkje ein einaste ting til av det som har vorti til,» tanken blir altså ordlagd både positivt og negativt; på same vis seier Kleanthes i dei fyrste versa at Zeus er opphav til alt, og hevdar seinare at inkje skjer utan Zeus. Sjølv-sagt kan ein lett dra liner framover til nyare hymnedikting òg. Også for ein moderne salmediktar fell det naturleg å nytta sjølve tiltaleorda til ei lovprising av Gud, minna om hans store verk: «Du som tendra sol og stjerne . . .»; «Du som med miskunn metter alle munne . . .» Og ut frå heilt andre føresetnader enn den truande hellenaren kunne Bjørnson, etter at den personlege gudstru hadde bleikna bort for honom, ropa ut i rømda: «Hvem er du med tusene navn . . .?»

Når diktet til Kleanthes har så mange slike hymne-element, er det fordi det verkeleg er ein hymne. Det kan ikkje vera tvil om kva «plass i livet» dette diktet har hatt: det er ein salme for ein kyrkjelyd, og kyrkjelyden er den stoiske skulen. Det hindrar sjølv-sagt ikkje at Kleanthes vona at alle menneske etter kvart skal røysta i med lovsongen til den Høgaste.

Kleanthes har ein stad sagt dei orda at vitskapleg prosa ikkje kan gje oss den fulle tanke om dei religiøse sanningane, der må poesi og musikk hjelpa til. Og han åtte sjølv den poetiske evna. Men han hadde òg den religiøse tru. Zenon, den fyrste stoikaren, hadde vilja gje mennesket att det religiøse fotfestet som skepsis og

rasjonalisme hadde undergravi, og han hadde forkynt trua på den guddomelege skaparmakta som han meinte allnaturen vitnar om for kvar den som vil sjå; men ein personleg hymne til Zeus hadde han sikkert aldri kunna dikta. Men for Kleanthes var Zeus ikkje berre eit namn på den upersonlege naturlova; Kleanthes kan ikkje berre lovsyngja makta og majesteteten til Zeus, han kan be til honom. Det var kanskje ikkje heilt konsekvent av ein stoikar å be til gudane, for — som det har vori sagt — dei ytre ting er etter stoisk syn verdlaus, og det indre gode, dygd, det einaste som har verd, det kan og skal mennesket vinna ved si eiga kraft — som Senece seier i sitt 41. brev: «Eit edelt huglag er det tåpeleg å be guden om, det kan du få av deg sjølv. Vi treng ikkje lyfta hendene mot himmelen . . .» Men Kleanthes er ikkje berre ein konsekvent filosof, han er eit menneske, han er kjend med «der Menschheit ganze Jammer», han ser manneætta raga i myrke villa, i «villfarings natt», i åndeleg og moralsk naud, ein stor del av diktet hans er ei skildring av denne nauda; men han veit òg at Zeus kan hjelpa. Når denne mannen stig fram for sin Gud, er det ikkje eit menneske som i ubroten tillit til eiga kraft viser heimsstyraren sin hyllest og «rettar sitt sinn mot det Høgaste» (Wilamowitz), men eit menneske som frå det djupe roper til den Allmektige om hjelp åt ei forvilla verd.

Eiliv Skard.